

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

PROTOKOLL

Styre, råd, utval:	Møtestad:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Grødem	tysdag	
kirkelige fellesråd		09.12.-2025	Møte nr. 06/2025
		Kl. 17.00	

Desse møtte: Randaberg kirkelige fellesråd:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Trine Duvold Nilsen
Repr. Gr. Menighetsråd	: Magnus Beksrud
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Eivind Kråvik - fast medlem til 31.des.25

Forfall: Jakob Nærheim, Ann-Christin H Hjellest (fritatt), Jarle Bø

SAKLISTE:

FR sak 50/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
FR sak 51/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 02.09 2025 og 29.10.2025	2
FR sak 52/2025 Fritak frå verv i RKF	2
FR sak 53/2025 Økonomiforvaltning, forslag til drifts- og investeringsbudsjett for 2026	2
FR sak 54/2025 Investering 2025 – maling av Randaberg kyrkje	3
FR sak 55/2025 Val av leiar og nestleiar for 2026	3
FR sak 56/2025 Møteplan for 2026	4
FR-sak 57/2025 Søknad om støtte til innkjøp av messehakel i Grødem.	4
FR sak 58/2025 Tilsetting av menighetspedagog/menighetsarbeider	5
FR sak 59/2025 Namna minnelund på Grødem – planlegging og	6
framdrift	6
FR sak 60/25 Bygningstaus i RKF	6
FR sak 61/2025 Orienteringar	7
FR sak 62/2025 Eventuelt	7

Jakob Nærheim
Fellesrådsleiar

Solveig Mjøltnes Hatletvedt
Kyrkjevevje

FR sak 50/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

3 saker meldt til eventuelt.

Vedtak: Innkalling og saklista blei godkjent

FR sak 51/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 02.09 2025 og 29.10.2025

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøta 02.09.2025 og 29.10.2025 blir godkjende.

Vedtak: Møteprotokoll frå fellesrådsmøta 02.09.2025 og 29.10.2025 blei godkjende.

FR sak 52/2025 Fritak frå verv i RKF

Forslag til vedtak:

Ann-Christin H Hjelleset får fritak for vervet sitt i Randaberg kirkelige fellesråd

Saksbehandling

Magnus Beksrud kjem inn som fast medlem i rådet. Anne Grethe T Vistnes blir 1.vara og Trine Duvold Nilsen blir 2. vara til fellesrådet frå Grødem

Vedtak: Ann-Christin H Hjelleset får fritak for vervet sitt i RKF ut denne perioden. Magnus Beksrud blir fast medlem i rådet

FR sak 53/2025 Økonomiforvaltning, forslag til drifts- og investeringsbudsjett for 2026

Forslag til vedtak:

Forslag til budsjett for drift og investering for 2026 blir vedtatt

Saksbehandling:

Kyrkjeverja blir beden om å senda oversikt til kvar av menighetene om kva dei betaler av lønskostnader til fellesrådet.

Når det gjeld investeringsbudsjettet så ser det greitt ut, men ein må ganske snart ta ei vurdering om investering av taket på Grødem kyrkje.

Vedtak: Driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet blir godkjent

FR sak 54/2025 Investering 2025 – maling av Randaberg kyrkje

Forslag til vedtak: Fellesrådet vedtar å inngå avtale med Nyma Eiendom Service om maling av Randaberg kyrkje. I tillegg må det kitting og beslag på tre vindauge. Dette kan gjerne gjerast på dugnad.

Total kostnad på kr 350 195 ekskl. mva.

Finansiering skjer ved:

- kr 175 000 frå Randaberg kommune
- kr 175 000 frå fond i Randaberg menighet

- resterande kr 195 blir dekket av fellesrådet sine egne midler.

Vedtak: RKF vedtar å bruke firmaet Nyma til maling av Randaberg kyrkje etter den økonomiske planen som går fram av saksutgreiinga.

FR sak 55/2025 Val av leiar og nestleiar for 2026

Forslag til vedtak: Sak blir lagt fram utan forslag til vedtak

Vedtak:

Herbjørn Vestvik blir vald til leiar av RKF frå 01.01.2026 til 31.12.2026.

Magnus Beksrud blir vald til nestleiar av RKF frå 01.01.2026 til 31.12.2026.

FR sak 56/2025 Møteplan for 2026

Forslag til vedtak: Møteplan for 2026 blir godkjent

Saksbehandling: Kyrkjeverja blir beden om å lage eit årshjul for saker som skal tas opp i møta. Ok møtefrekvens, men det må vera rom for ekstraordinært møte og/eller bruke admin utvalet. Kyrkjeverja blir beden om å finne ut korleis medlemma i fellesrådet kan få tilgangar på dokument som fellesrådet har ansvar for. På neste møte ønsker fellesrådet å gå gjennom dokumenta som gjeld administrasjonsutvalet, Økonomiforskrifta.

Møte for 2026, tysdagar: 17/2, 14/4, 26/5, 1/9, 27/10, 15/12

Vedtak: Møteplanen blei godkjent

FR-sak 57/2025 Søknad om støtte til innkjøp av messehaker i Grødem.

Forslag til vedtak: RKF støttar Grødem menighet med 50 000 kr til kjøp av messehaker.

Vedtak: RKF støttar Grødem menighet med 50 000 kr til kjøp av messehaker.

FR sak 58/2025 Tilsetting av menighetspedagog/menighetsarbeider i 80% fast stilling.

Saka er untatt off og innstilling blei delt ut i møtet.

Vedtak: Fellesrådet behandla tilsettingssak i lukka møte jfr offentleglova §13 og §25, og tilbyr den faste stillinga til Johanna Tangeland..

FR sak 59/2025 Namna minnelund på Grødem – planlegging og framdrift

Forslag til vedtak: Fellesrådet vedtar å bygge minnelund på Grødem etter planen som er lagt fram.

Saksbehandling: Teikning av minnelunda i Grødem, med materialbruk, blei vist fram i møtet.

Vedtak: Fellesrådet vedtar å bygge minnelund på Grødem etter planen som er lagt fram

FR sak 60/25 Bygningstaus i RKF

Forslag til vedtak: Saka blir tatt til orientering

Saksbehandling: Tilstandsrapporten som skal lagast av "vaktmeisteren" er i gong. Han trekk inn fagfolk der det er behov. Fellesrådet ønsker at Asbjørn Thorsen blir inviterast til fellesrådet i februar for å kunne bli stilt/svare på spørsmål. Det må, så snart som råd, komma ein tilstandsrapport på taket i Grødem

Vedtak: FR ønsker å prioritera dette arbeidet og ber om ei grovskisse på vedlikehaldsplan til neste møte. Fellesrådet ønsker også ein tilstandsrapport på taket i Grødem.

FR sak 61/2025 Orienteringar

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

- a. Personalsituasjonen
- b. Neste FR-møte er tysdag 17.febr -26 kl 17 på kontoret i sentrum.

Vedtak: Sakene blei tatt til orientering

FR sak 62/2025 Eventuelt - etterlysing av svar frå Randaberg kommune

Saka gjeld:

Fellesrådet vil ha ein skriftleg avtale om at Randaberg menighet får leige Varen gratis og at me får eit skap til oppbevaring av ting.

Vedtak: Kyrkjeverja etterlyser skriftleg svar frå ordføraren.

Dei to andre sakene til eventuelt blei utsett til neste møte på grunn av tida.